

*eg går i bysola
saknar garden
grisen som hang opp etter veggen
og geita mi med avkutta hovud
var einaste døden eg kjente
eg klappa både hovudet og kroppen*

Mona Vetrhus (født 1975) frå Haugland i Uskedalen har vore lovande lyrikar lenge, men først i desse dagar debuterar ho med bok, på sjølvaste Forlaget Oktober. Mona innfrir forventningane det var grunn til å ha til henne. Dei 44 stutthogne dikta er ei tildels sterk oppleving.

Framom alt er dette ei sjølvbiografisk bok som fortel om dei uslitelege band den no bybusette Mona framleis har til heimleg grunnog om sterke opplevingar ho har hatt i livet.

'Nokre gutar kjem ikkje heim i kveld' heiter diktsamlinga som ikkje minst er ein kraftfull bodskap om å ta godt vare på kvarandre. Det kjem til dømes til uttrykk i dette diktet:

*ta vare på han med kloggene, han som smilte kvar gong eg sykla forbi
ta vare på han som sprang til fjells kvar helg, men sjeldan rakk bussen
ta vare på han som plystra og våga å snakke med oss eldre jentene
ta vare på han som spanderte øl sjølv om han ikkje var gammal nok til å kjøpa
ta vare på han som heiv seg om halsen min og ikkje sleppte taket
ta vare på bror min som sit aleine på rommet*

Dette er eigentleg eit for Mona utypisk dikt med sin ordrikdom og sitt gjentatte hovudbodskap, for hennes kjennemerke er den imponerende evna ho har til å seie mykje med få ord. Her er eit døme på det:

*den gamle trekyrkja
koret av svartkledde foreldre
syng ikkje*

Hjort og hjortejakt har forståeleg nok gjort eit sterkt inntrykk på Mona, men det har faktisk også gravhaugane på Haugland som får ein slik halvmunter kommentar:

*Ulvanåso, Englafjell og fjorden
vikingskipet nede i haugen der vi leikar
og klatrar i asketreet, held utkikk
på bakken under treet grev hunden i jorda
vi har ikkje lov å grava i haugen
vi har ikkje lov å sleppa vikingane ut.*

Boka har fått ein spennande layout, tildels med svartkvittfotos som Mona sjølv er ein dyktig meister for og som dei lokalkjende vil sjå er frå Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen